

Årskavalkade – februar 2010

2. febr: Rekordtidleg oppkøyring av skiløype rundt heile Nysætervatnet

4. febr: Andre rennet i sykkylvscupen i langrenn i Søvikdal samla ti seniorløparar. Velledalen IL sine løparar fekk slik plassering: 1. Svein Arne Nakken 28.51 2. Kristian Moe 29.04 5. Andreas Tømmervik 33.55

5. febr: Melde vi om hoppølv til Jan Ringseth i World Winther Masters Games (veteran –VM). Litt seint ettersom rennet vart arrangert i januar. Jan hoppa i klasse 65-69 år. Han tok sølv, bak ein svenske i 30-meters bakken. I K-45 vart han nummer seks etter fall i andre omgang.

6. febr: Jan Ringseth var no i støtet og vann klasse 65-69 år i Stordalsrennet. Det gjorde han etter to solide hopp på 40,5 meter. Arena var Fjellbakken på Stavsengfjellet.

9. febr: Marit Hole fekk det ærefulle verv som leiar i V.I.L. sin premiekomité. Med seg i gruppa fekk ho Odd Kåre Fet (friidrett) og Linn Tove Aksellvoll (varakvinnegruppa).

10. febr: Strandacup i langrenn og trippel V.I.L på resultattoppen i seniorklassa. 1. Kristian Moe 2. Stian Mork 3. Andreas Tømmervik

13. febr: Svein Arne Nakken vart nummer 34 av 482 løparar I klasse 40-44 år under Holmenkollen Skimaraton. Dette var Svein sin 15. start i rennet som før heitte Holmenkollmarsjen. Han brukte 2.28 11 gjennom den 42 km lange løypa.

13. febr: Kenneth Fet debuterte i Norgescupen for junior med 77.plass. Distansen var 15 kilometer med fellestart i klassisk stil. Rennet gjekk i Setesdal (Hovden)

16. febr: Dobbelsiger i sykkylvscup. Resultatlista viser at fyrst kom Kristian Moe (24.29), så Svein Arne Nakken (24.54) og deretter åtte løparar frå S.I.L. med Fridtjof Fredriksen (27.08) som den beste.

27. febr: Christina Holmberg vart nummer tre i alpinklassa 16-29 år under Alperittet på Stranda. Eivind Fet tok ein klar klassesiger i 30-39 år (alpinklassa). Medrekna Minialperittet deltok 406 deltakarar.

28. febr: Februar vart avslutta med Fjellsæterrunden. For ein gongs skuld under strålande forhold.

- Terningkast 6, sa rennvinar Knut Anders Hatlen. Velledalen IL vann for fyrste gong i rennet si 32-årige historie premien for beste tremannslag ved trioen: Kenneth Fet (1.23.50), Kristian Moe (1.26.57) og Svein Arne Nakken (1.29.01). Kenneth og Kristian vart i tillegg klassevinnarar. Terje Aurdal klart best i bedriftsklassa, der Alf-Petter Bøe representerte Ekornes BIL. Barnas Fjellsæterrunde samla 128 deltakarar (ny rekord).

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.